

Lokalhistoriske kjelder:

«Det Bergenske Nyttige Selskab»

Av Alf Steinsøy

Det Bergenske Nyttige Selskab var skipa i 1773 av kjøpmenn, embetsmenn og andre borgarar i byen. Bjørgvin stift var selskapet si arbeidsmark og fyrste fyremålet skulde vera «Landhusholdningens oppkomst». Dette skulde fremjast ved premiar, pengegâver og lovord til folk som hadde gjort seg fortente ved tiltak og trott, nye idear og dugleik i å føra dei fram til betring av levokåra for seg sjølve og til etterfylgjing for andre.

Finansgrunnlaget til dette skaut lagsmennene ihop sjølve av sine egne lommebøker. Med tida vart sume embetsmenn ute i bispedømet lemer i laget, og det gjorde nok sitt til at folk med framtak vart påskjønta i deira fute- eller prestegjeld. For det kravdest vederheftige folk sin attest for «verdigeita» til søkjaren. Eller me kan seia skriveføre folk. Dei som hadde gjort seg skuld i premie var til vanleg ikke skriveføre. Når sume større distrikt synest å falle utanom dette tiltaket er vel grunnen den, at det vanta embetsmenn som stod i selskapet og ikkje skort på dugande folk.

Verksemnda til Det Nyttige Selskab vart fram til 1809. Då var dei gode pengetidene fjøra ut og dei harde åra stod fyre. Laget hadde då vendt handa til 29 ymse fyremål. Objekt-lista spenner yver frå «Fællesskabs opphævelse» (Utskifting) og «Øde gaarders istandsettelse», yver brugdefangst og vargedrâp til «Børnekoppers Indpodning» og «Nye fiskegrunders Oppdageelse».

Om alt dette står å lesa i Fylkeshistorisk Tidsskrift 1921, framlagt av redaktøren Albert Joleik. I nr. 5 av skriftet fortel han om nokre bønder frå Fjaler, Gaular og Førde som vart premiara. Desse ymsar frå 3-4 dalar til 25. Denne siste fekk Olav Olavson Hestebeite av Indre-dale i 1779 fordi han hadde bygt heilt ånyo ein øy-gard med alle hus og dyrka oppatt åkeren. 25 riksdalar var taksten for slikt storverk. Grunna av at vedkomande ogso var frå Dalsfjordområdet har Joleik med ein gardmann i nordre Solund som hadde gjort like stort arbeid i si tid: **Johannes Nilsson Viken**. Men han skriv ikkje kva premie han fekk. Dette var i 1807, og premiane var småe, m.a. avdi selskapet fann å måtte nytta 200 Rd. til naudsarbeid i byen og særleg skulde saltbrenning og mosetaking (til mat) godt påskjøntast. Men Joans Nilsen sitt livsverk

er vel oppskreve, slik at vår interesse er dekkja. Heller ikkje trong han om noko pengepremie.

Etter Solund gardssoge var Johannes Nilsson fødd 1737 på Bjordal i Dale sokn. I 1765 var han gift med enkja i Viken, men når han kom derut veit me ikkje. Det kunde vera fleire år før. 15 år deretter gifte han seg for andre gong, og han døydde 90 år gamal i 1827. I 1803 skøytt han garden til sonen etter at han same året hadde kjøpt den for vel 700 riksdalar. Uten jordepant.

Merittlista hans i Det Nyttige Selskab er imponerende: Fyrst hadde han turrlagt ei myr som dei stundo kunde ro med båt. Det gjorde han med 140 famner veiter, 3 alner djupe. Dei var mura på begge sider med stein som han braut og køyrde or utmarka og loklagde med hellor som han henta utanbygdes. Dertil hadde han teke 38 stk. opne veiter på garden. På myra fekk han 2 jamstore åkrar, kvar for 2 tynne såkonn. Vidare hadde han bygt 90 famner god steingard. Han fødte no 25 klavefaste naut samt hest og smalar. Begge florane sine hadde han bygt på kjellar slik at han moka tadet ned, og so auka det med mold nede(!) I gode år fekk han 30-40 tynne konn, og det var rundt ei 3 dobling ifrå då han tok yver. Elles var han so gjæv ein mann at han i 2 uår hadde late såkonn til fleire andre som ikkje hadde, so deira åkrar ikkje vart liggjande øyde.

Kva han Joans dreiv med på sjøen står der sjølv sagt ikkje noko om, men skifteprotokollen gjev oss noko innsyn i det, på same tid som me får ei aning om kva som skaffa kapital til gardskjøpet.

Etter gamal tradisjon skulde det vera dei tvo døtrene hans som var beste hjelpa med jordbrytinga, men han må vel ha gjort det meste før dei kom til, (1786 og 89) eller var vaksne. Elles hadde han 2 søner, men den eldste døydde 20 år gamal i Køpenhamn i 1801. (Slaget på Køpenhamn red.) Joans Viken hadde ingen tenarar i 1801. Han var framleis husbonde i 1807 då han fekk utmerkinga, og truleg nokre år til.

Johannes Nilsson er stamfar til alle som fører namnet Færøeyvik og sjølv sagt mange andre av kvinneled.

Eit fyremål med dette stykket er å gjera andre merksame på denne «nyttige» kjelda.

Sogn

Fy
til

Sogn o
målest
folkem
for nok
alt som
og skr
trong f
som er
samlin
innehe
sjonsst
musikk

Dette
keskult
turråd
for eit
nen er
lingar,
leie ar
musikk
kontor
vet er r
Av dett
nen i
dekke
turråd
sjektet
septem

Fylke
rettleie
arbeid
fylkesa
set sæ
handsa
sine sa
av alt
inn i kv

Det
søknad
er eit
to-tre p
Mellon
Fylkes
håpar
vårt ve
har ei
Osland

Nor

har fâ
2.500.
let for
ei «rev